

## SAK 40/09 FELLES BARNEVERN FOR HALLINGDAL, LOKALISERING

### Saksopplysning

Barnevernsamarbeid i Hallingdal har vore ein gjengangar, der det ved fleire høve og i planar, er gjeve uttrykk for ynskje om eit tettare samarbeid innan barnevern. I samband med Hallingtinget sitt møte 26.9.2008 vart det gjennom gruppearbeid gjeve tydelege signal om at felles barnevernsteneste/samarbeid var ei prioritert oppgåve, som det skulle arbeidast vidare med. Regionrådet for Hallingdal gjorde slikt vedtak i sak 09/09 om samarbeid barnevern i Hallingdal.

### Vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår til at kommunane i Hallingdal gjer slikt vedtak: XX kommune går inn for etablering av Felles Barnevern i Hallingdal frå 1. januar 2010, der følgjande føresetnadar ligg til grunn for etableringa:

1. Samarbeidet blir organisert etter modell med administrativt vertskommunesamarbeid (kommunelova § 28b). Samarbeidet skal ha ei administrativ styringsgruppe med rådmennene i deltakarkommunane.
2. Felles Barnevern i Hallingdal skal byggast opp etter ein desentralisert modell, der alle deltakarkommunane skal stille kontor og møteplass til disposisjon. Dei som arbeidar barnevernet skal nytte desse kontora så langt det er hensiktsmessig.
3. Etableringa skal i tillegg til målsetting om styrking av fagmiljø, kompetanse og rekruttering ha ei målsetting om effektivisering.
4. Kostnadane med eit felles barnevern skal fordelast etter regionrådsmodellen når det gjeld det arbeide som ikkje er direkte tiltak i kommunane. Kostnadane ved tiltak skal dekkast av den kommune der tiltaket skjer.
5. Rådmannsutvalet får i oppdrag å stå for arbeidet fram mot etableringa 1.januar 2010. Nødvendige avklaringar i forhold til samarbeidsavtale, organisering, økonomi og etablering får rådmannsutvalet ansvaret for. I tillegg anbefale stad for felleslokalar overfor Regionrådet, der m.a. lokalitetar og pris er vurdert. Felles lokalar, for samling av tilsette i barnevernet etter behov, skal ligge i Gol eller i Ål.
6. Regionrådet for Hallingdal får mandat til å vedta lokalisering av felles barnevern for Hallingdal, etter instilling frå rådmannsutvalet.
7. Rådmannsutvalet får i oppdrag å arbeide for og avklare oppretting av eit eige fagteam for Bufetat, lokalisert til hovudkontor for felles barnevern i Hallingdal.
8. Samarbeidet skal evaluerast våren 2013.
9. Det er ein føresetnad for tilslutninga at alle kommunane i Hallingdal gjer likelydande vedtak

Alle kommunane gjorde i løpet av april – juni 2009 vedtak i tråd med Regionrådet si tilråding om å gå inn for felles barnevern, organisert etter modell med administrativt vertskommunesamarbeid (kommunelova § 28b).

Rådmannsutvalet fekk i vedtaket i oppdrag å stå for arbeidet fram mot etableringa, med ansvar for mellom anna å avklare tilhøve til samarbeidsavtale, organisering, økonomi og etablering. Rådmannsutvalet fekk i tillegg i oppdrag å tilrå stad for felles lokale for barnevernet. Felles lokale for samling av tilsette i barnevernet skal etter vedtaket i regionrådet og kommunane ligge i Gol eller Ål. Regionrådet har gjennom vedtaka i kommunestyra fått mandat til å vedta lokaliseringa, etter tilråding frå rådmannsutvalet.

Rådmannsutvalet fekk og i oppdrag å arbeide for og avklare oppretting av eit eige fagteam for Bufetat, lokalisert til hovudkontor for felles barnevern i Hallingdal.

Rådmannsutvalet si utgreiing om Felles barnevern i Hallingdal og lokalisering (ver.2) er sendt Regionrådet 19.8.2009, vedlegg 1.

Rådmannsutvalet vedtok i møte 29.05.09 å opprette ei arbeidsgruppe til å hjelpe til med det utgreiingsarbeidet, der følgjande har vore med:

- Rådmann Gabriel Johannessen, Hemsedal
- Rådmann Hege Mørk, Gol
- Rådmann Bjørgulv Noraberg, Ål
- Konstituert barnevernsléiar Liv Esther Lien, Hol og Ål
- Fungerande barnevernsléiar Ingunn Viko, Hemsedal
- Barnevernsléiar Olav Holstad, Nes og Flå
- Personalsjef Unni Sørensen, Ål
- Tillitsvald Magne Fluto (Fagforbundet), Ål
- Tillitsvald Eli Stillingen (FO), Ål kommune

I tillegg har Eva Vee, HaVa BHT vore observatør i gruppa

Rådmann Gabriel Johannessen, Hemsedal, er oppnemnd som prosjektleiar fram til det er tilsett leiar for det felles barnevern for Hallingdal.

Med den prosessen som har vore og det arbeidet som må gjerast meiner Rådmannsutvalet det ikkje er realistisk med etablering av felles før tidlegast kring 1. august 2010. Det er skissert slik framdrift:

Fase	Aktivitet	Ansvar	Milepæl
1	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tiltråding om felles kontor</li> <li>• Vedtak om felles kontor</li> <li>• Utlysing av stilling som dagleg leiar for Hallingdal Barnevern</li> <li>• Oppfølging av tilsette i barnevernet – informasjon, endringsoppseiing m.m.</li> </ul>	Rådmannsutvalet Regionrådet (vedtak) Rådmannsutvalet/ vertskommunen Vertskommunen	17.08.09. 28.08.09.  05.09.09.
2	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Samarbeidsavtale mellom kommunane</li> <li>• Organisering av barnevernet</li> <li>• Økonomi/budsjett</li> <li>• Samarbeidsavtaler med andre etatar</li> </ul>	Rådmannsutvalet Rådmannsutvalet Rådmannsutvalet Rådmannsutvalet	15.12.09. 15.12.09. 15.12.09. 15.10.09.
3	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Etablering av barnevernet</li> <li>• Utforming av lokale</li> <li>• Innflytting</li> </ul>	Vertskommunen Vertskommunen Vertskommunen	01.05.10. 01.05.10. 01.08.10.

Rådmannsutvalet har i sitt arbeid i høve til lokalisering m.a. gjort følgjande arbeid:

- Henta inn uttaler frå aktuelle samarbeidspartar
- Vurdert aktuelle organ som det kan vera aktuelt å samlokalisere med felles barnevern.
- Vurdert arealbehov og henta inn tilbod på leige av lokalar, der aktuelle lokalitetar er:
  - Gol kommunehus, 3 etg.
  - Søndre Eignedom, ved Sundrehallplassen

Rådmannsutvalet har i møte 11.08 2009 drøfta dei to alternativa til lokalisering som ligg føre med bakgrunn i tilrådinga frå Regionrådet datert 27.02.2009, og i tråd med tilsvarande og likelydande vedtak gjort i kommunestyra i alle kommunane i Hallingdal.

Rådmannsutvalet meiner at:

- *Det kan ut frå dei faglege uttaler som ligg føre ikkje seiast at ein av kommunane kan prefererast særskilt*
- *Dei lokala dei to kommunane har gjeve tilbod om begge tilfredsstillar føremålet. Dette skal ikkje leggast vekt på ved avgjerd av lokalisering.*
- *Tilbodet om pris og vilkår for lokala er tilnærma like, og kan ikkje tilleggjast vekt.*
- *Det er framleis noko usemje og uklar praksis i regionen om kva ansvar vertskommunen har i høve dekning av husleigeutgifter. Husleigeutgifter ved etablering av felles barnevern vil utgjera årleg om lag kr 600 000 ved leige av 400 m<sup>2</sup>.*
- *Reisekostnadane for personalet på oppdrag vil truleg bli omtrent like ved dei to alternativa, og skal ikkje tilleggjast vekt.*
- *"Demografisk sentrum" i Hallingdal ligg noko nær grensa mellom Gol og Ål kommune. Demografiske forhold kan difor ikkje tilleggjast særskild vekt.*

**Rådmannsutvalet si felles oppfatning er difor at valet om lokalisering må oppfattast å vera av politisk karakter.**

Rådmannsutvalet har difor bede dei to kommunane om kort å gjere greie for sine argument for lokalisering, sjå pkt. 5.3. i utgreiinga.

**Vurdering**

Vedlagt rapport syner at det er gjort eit grundig utgreiing i forhold til lokalisering av felles barnevern i Hallingdal.

I forhold til val av lokalisering av felles barnevern for Hallingdal, vurderar dagleg leiar at følgjande vil vera viktige punkt i vurderingane:

- Rådmannsutvalet si innstilling
- Ål og Gol sine argument for lokalisering i eigen kommune
- Hallingtinget sitt vedtak i sak 04/01 om funksjonsfordeling og eit differensiert lokaliseringsmønster mellom kommunane i Hallingdal.

**Vedtak**

Lokalisering av kontorstad for felles barnevern i Hallingdal .....

Ål 19.8.2009

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg 1: Felles barnevern i Hallingdal; Utgreiing om lokalisering og utvikling av felles barnevern for kommunane i Hallingdal, versjon 2

Flå kommune  
Hol kommune  
Nes kommune  
Gol kommune  
Hemsedal kommune  
Ål kommune

# Felles barnevern i Hallingdal

Utgreiing om lokalisering og utvikling av  
felles barnevern for kommunane i Hallingdal

versjon 2

## Innhald

<b>1 BAKGRUNN .....</b>	<b>3</b>
1.1 FØREMÅL, PRINSIPP OG VEDTAK.....	3
1.2 RÅDMANNsutVALET SITT ARBEID .....	4
1.3 OMFANG AV UTGREIINGSARBEIDET .....	4
<b>2 FUNKSJONSFORDELING – PRINSIPP FOR LOKALISERING I HALLINGDAL .....</b>	<b>5</b>
2.1 HALLINGTINGET .....	5
2.2 KOSTNADSFORDELING MELLOM KOMMUNANE .....	6
<b>3 KRITERIER FOR LOKALISERING AV FELLES BARNEVERN .....</b>	<b>6</b>
3.1 UTGREIINGA FRÅ TROND KLEPPEN .....	6
3.2 SAMARBEIDSPARTAR FOR BARNEVERNET .....	7
3.3 REGIONRÅDET – OM LOKALISERING .....	10
<b>4 AREALBEHOV OG ALTERNATIVE LOKALISERINGAR .....</b>	<b>10</b>
4.1 AKTUELLE SAMARBEIDSPARTAR I ”FELLES” LOKALE .....	10
4.2 AREALBEHOV .....	11
4.2 TILBOD OM LOKALE.....	11
<b>5 LOKALISERING .....</b>	<b>12</b>
5.1 LOKALE.....	12
5.2 FAGMILJØ - VURDERINGAR .....	12
5.3 TILRÅDING .....	13
<b>6 VIDARE ARBEID .....</b>	<b>15</b>

## 1 Bakgrunn

### 1.1 Føremål, prinsipp og vedtak

- Regionrådet for Hallingdal vedtok i møte 27.02.09. å tilrå alle kommunane i Hallingdal å gjere likelydande prinsippvedtak om å gå inn for felles barnevern i Hallingdal frå 1. januar 2010.
- Det er føreset at tenesta skal vera bygd opp etter ein desentralisert modell, der alle skal ha kontor og møteplassar til disposisjon. Desentraliserte kontor skal nyttast så langt dette er hensiktsmessig.
- Målsettinga med oppretting av eit felles barnevern er todelt: Det skal bidra til trygging av eit breitt fag- / kompetansmiljø innan tenesta og dermed syte for god rekruttering. Vidare er det ein føresetnad at endra organisering på sikt fører til kostnadseffektivisering.
- Alle kommunane har i løpet av 1.halvår 2009 i perioden primo april til medio juni gjort vedtak i tråd med Regionrådet si tilråding om å gå inn for felles barnevern, organisert etter modell med administrativt vertskommunesamarbeid (kommunelova § 28b). Barnevernet skal og ha ei administrativ styringsgruppe med rådmennene i deltakarkommunane som medlemmer.
- Rådmannsutvalet fekk i vedtaket i oppdrag å stå for arbeidet fram mot etableringa, med ansvar for mellom anna å avklare tilhøve til samarbeidsavtale, organisering, økonomi og etablering.
- Rådmannsutvalet fekk i tillegg i oppdrag å tilrå stad for felles lokale for barnevernet. Felles lokale for samling av tilsette i barnevernet skal etter vedtaket i regionrådet og kommunane ligge i Gol eller Ål. Regionrådet har gjennom vedtaka i kommunestyra fått mandat til å vedta lokaliseringa, etter tilråding frå rådmannsutvalet.
- Rådmannsutvalet fekk og i oppdrag å arbeide for og avklare oppretting av eit eige fagteam for Bufetat, lokalisert til hovudkontor for felles barnevern i Hallingdal.

Grunnlaget for ovannemnde var at Rådmannsutvalet i Hallingdal i oktober 2008 vart gitt slikt oppdrag av Regionrådet

- Utgreie felles barnevernsteneste eller nærare samarbeid om barnevernstenestene for heile Hallingdal. Utgangspunktet må vera ei best mogeleg barnevernsteneste, men innanfor dagens økonomiske rammer.
- Avklare forholdet mellom eit felles barnevern og eit eventuelt ressurscenter for Buf-etat i Hallingdal.
- Regionrådet ser det som ein fordel at arbeidet blir utført innan 1.12.2008.

Trond Kleppen vart engasjert av Rådmannsutvalet til å utgreie saka. Rapporten "Alternative samarbeidsformer og organisering for barnevernet i Hallingdal", datert 15.01.09, ligg til grunn for handsaminga i regionrådet og kommunane.

## 1.2 Rådmannsutvalet sitt arbeid

Rådmannsutvalet vedtok i møte 29.05.09. å opprette ei arbeidsgruppe til å hjelpe til med det utgreiingsarbeidet regionrådet hadde gjeve oppdrag om å gjennomføre.

Følgjande vart oppnemnd som medlem i arbeidsgruppa:

- Rådmann Gabriel Johannessen, Hemsedal
- Rådmann Hege Mørk, Gol
- Rådmann Bjørgulv Noraberg, Ål
- Konstituert barnevernsleiar Liv Esther Lien, Hol og Ål
- Fungerande barnevernsleiar Ingunn Vikø, Hemsedal
- Barnevernsleiar Olav Holstad, Nes og Flå
- Personalsjef Unni Sørensen, Ål
- Tillitsvald Magne Fluto (Fagforbundet), Ål
- Tillitsvald Eli Stillingen (FO), Ål kommune

I tillegg har arbeidsgruppa vald å oppnemne Eva Vee, HaVa BHT som observatør i gruppa

Rådmann Gabriel Johannessen, Hemsedal, vart oppnemnd som prosjektleiar fram til det er tilsett leiar for det felles barnevern for Hallingdal.

Gruppa hadde sitt fyrste og konstituerande møte 5. juni 2009. I tillegg har gruppa hatt møte 10. og 17. august 2009. Arbeidsgruppa vil halde fram med sine arbeidsoppgåver i prosjektet parallelt med opprettinga av felles barnevern. Det er utarbeidd utkast til prosjektplan for vidare framdrift og som vart handsama i møte 17. august 2009.

## 1.3 Omfang av utgreiingsarbeidet

Rådmannsutvalet sitt mandat omfattar følgjande:

- Lokalisering av felles barnevern for Hallingdal
- Samarbeidsavtale mellom kommunane
- Organisering av barnevernet
- Økonomi
- Etablering

Med den tid som har gått før alle kommunane hadde gjort vedtak, synes det ikkje å vere realistisk å etablere felles barnevern før tidlegast kring 1. august 2010.

Arbeidet fram til den tid bør leggjast opp i følgjande fasar:

Fase	Aktivitet	Ansvar	Milepæl
1	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilråding om felles kontor</li> <li>• Vedtak om felles kontor</li> <li>• Utlysing av stilling som dagleg leiar for Hallingdal Barnevern</li> <li>• Oppfølging av tilsette i barnevernet – informasjon, endringsoppseiing m.m.</li> </ul>	Rådmannsutvalet Regionrådet (vedtak) Rådmannsutvalet/ vertskommunen Vertskommunen	17.08.09. 28.08.09.  05.09.09.
2	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Samarbeidsavtale mellom kommunane</li> <li>• Organisering av barnevernet</li> <li>• Økonomi/budsjett</li> <li>• Samarbeidsavtaler med andre etatar</li> </ul>	Rådmannsutvalet Rådmannsutvalet Rådmannsutvalet Rådmannsutvalet	15.12.09. 15.12.09. 15.12.09. 15.10.09.
3	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Etablering av barnevernet</li> <li>• Utforming av lokale</li> <li>• Innflytting</li> </ul>	Vertskommunen Vertskommunen Vertskommunen	01.05.10. 01.05.10. 01.08.10.

Denne utgreiinga og rapporten omfattar bare fase 1 (lokalisering av felles kontor). Det vert føresett at rådmannsutvalet arbeider vidare med dei neste fasane, eventuelt at arbeidsgruppa vert beden om å halde fram med fase 2.

## 2 Funksjonsfordeling – prinsipp for lokalisering i Hallingdal

### 2.1 Hallingtinget

Hallingtinget handsama i sak 04/01 i møte 16.03.01. funksjonsfordeling mellom kommunane i Hallingdal. Det vart gjort slikt vedtak:

*Funksjonsfordeling mellom kommunane skal byggje på følgjande prinsipp:*

*Regionale samarbeidstiltak skal ha eit differensiert lokaliseringmønster etter ei oppgåvefordeling mellom kommunane, basert på friviljuge og forpliktande samarbeidsavtaler. Funksjonsfordelinga må byggje på prinsippet om kompetanseutnytting og gi kommunane ei kjensle av – direkte eller indirekte – å ha nytte av samarbeidet. Dette gjeld både den einskilde kommune og Hallingdal som region.*

*Alle kommunane må vere viljuge til å ta sin del av kostnaden med fellestiltak, men alle må og akseptera at ei funksjonsfordeling aldri vil bli heilt "rettferdig".*

*Offentlege servicetiltak (statlege og fylkeskommunale) som har heile regionen som kundegrnlag og som skal ha eitt hovudkontor i Hallingdal, bør i utgangspunktet lokalisert til Gol som geografisk knutepunkt i dalen.*

*Dersom ei kommune har eit spesielt utgangspunkt når det gjeld oppbygd kompetanse, bør framtidige statlege og fylkeskommunale distriktskontor vurderast lagt til vedkomande kommune.*

*Der det allereie er etablert offentlege servicetiltak i ein kommune, skal ein rå til at denne lokaliseringa blir oppretthalde. Det viktigaste er at dei regionale statsetatane framleis får tilhald i Hallingdalsregionen.*



*I kvar kommune må det vere eit servicekontor som skal tena kundegrunnlaget lokalt og brukarane sine behov i den einskilde kommune. Desse servicekontora vil kunne omfatte både kommunale, statleg og fylkeskommunale tenester.*

## **2.2 Kostnadsfordeling mellom kommunane**

Under vegg i arbeidet med felles barnevern har spørsmålet om kostnadsfordeling for kontorlokale kome opp. Det har vore stilt spørsmål om vertskommunen skal dekke dette, eller om det skal fordelast mellom kommunane etter "vanleg fordelingsnykel".

På grunnlag av førespurnad har regionrådsleiaren i e-post til rådmannen i Ål, datert 25.06.09., skrive følgjande:

*Eg trur ikkje det finns noko prinsippvedtak om dekking av husleige vedrørende fellestiltak. Dersom det er gjort i Regionrådet, er det før mi tid (1995). Trur det er fleire ulike avtalar som er gjort.*

.....

*Dersom det skulle vere eit prinsipp om at vertskommune skulle ta husleigekostnader meiner eg det må til ei vurdering av dette. Kva med type verksemd som har få arbeidsplassar, men treng mykje plass? Korleis er avtala i forhold til felles brannvesen?*

*Et trur det mest fornuftige er å finne fram til løysingar i det einskilde tilfelle. Etter mitt syn er det t.d. ikkje rimeleg at vertskommune for barnevern skal betala husleigekostnader for t.d. 15 kontor. Eit av hovudargumenta for ein tankegang om at vertskommunen skal betala, er vel ei tru på busetjing i vertskommunen. Eg spør meg då, kva med nabokommunane i forhold til dei som blir utkantkommunane i samarbeidsløysinga.*

I det likelydande vedtaket i kommunane heiter det i punkt 4:

*Kostnadane med eit felles barnevern skal fordelast etter regionrådsmodellen når det gjeld det arbeid som ikkje er direkte tiltak i kommunane. Kostnadene ved tiltak skal dekkast av den kommune som har ansvar for saka etter lov om barnevernsaker.*

I det vidare arbeid vert det lagt til grunn at kostnader knytt til lokale for felles barnevern skal fordelast mellom kommunane etter "vanleg" fordelingsnykel. Det vil si fordeling i høve til folketalet i den einskilde kommune.

## **3 Kriterier for lokalisering av felles barnevern**

### **3.1 Utgreiinga frå Trond Kleppen**

I utgreiinga frå Kleppen heiter det i samandraget (side 5), mellom anna:

*Med utgangspunkt i Regionrådet sitt vedtak, intervjudeltakarane sine tilrådingar og erfaringar frå liknande samarbeid, vil eg for eit utvida samarbeid for barnevernet i Hallingdal tilrå følgjande hovudmålsetting:*

1. Oppnå eit meir robust fagmiljø
2. Høgare kompetanse
3. Betre tenester
  - a. Styrking av det førebyggjande arbeidet
  - b. Betre kontinuitet for både brukarar og samarbeidspartnarar
  - c. Betre tilgjengelegheit for både brukarar og samarbeidspartnarar
4. Redusere utgiftene til tiltak utanfor heimen
5. Skape grunnlag for etablering av statlege barnevernstenester i Hallingdal
6. Styrke samarbeidet mellom tenesteytarane til Barn – Unge - Familie

### 3.2 Samarbeidspartar for barnevernet

I utgreiinga skriv Kleppen i kapittel 2.4:

Eitt sentralt spørsmål i intervjurunden var kva for samarbeidspartar dei såg som mest sentrale og korleis samarbeidet ville påvirkast ved ei eventuell endring i organisering og lokalisering. Barnevernet sjølv og samarbeidspartane hadde eit samanfalande syn på sentrale samarbeidspartar.

**Dei mest sentrale samarbeidspartane og samarbeidsparten sin geografiske plassering i parentes der det er sentralisert:**

Samarbeidspartnar i kvar kommune	Samarbeidspartnar utanfor kommunen
Skule / Barnehage ( Alle kommunar )	Familievern ( Ål )
Helsestasjon ( Alle kommunar )	BUF-etat ( Kongsb / Drammen )
Psykisk Helse ( Alle kommunar )	BUP ( Ål )
PPT og OT ( Gol og Ål )	Psykiatri ( Ål )
Sosialtenesta/NAV ( Alle kommunar )	Politi ( Alle kommunar )
Kommuneadm ( rådm/økon ) ( alle )	Krisesenter ( Gol )

Fig 1 Oppstilling over sentrale samarbeidspartnarar etter intervjurunden.

Generelt kan det seiast at kommunale tenestenivå ser dei same gevinstar og ulemper ved eit utvida samarbeid som barnevernet sjølv og dei statlege og sentraliserte samarbeidspartane.

Faren for eit mindre synleg barnevern og svekka samarbeid med kommunale tenestenivå var likevel meir fokusert frå dei kommunale samarbeidspartane. I punkt 4.2 - 4.5 vil me sjå nærare på måtar å redusere denne faren.

Arbeidsgruppa har 22.06.09. skrive brev til følgjande instansar:

- Hallingdal sjukestugu, Voksenpsykiatrisk avdeling og poliklinikk
- BUP Ringerike, avdeling Ål
- PPT for Ål og Hol
- PPT og OT for nedre Hallingdal
- Familievernkontoret, Ål
- Hallingdal Krisesenter, Gol
- Bufetat Kongsberg
- Nedre Buskerud Politidistrikt, ift samarbeid med barnevernvakta

med disse spørsmåla:

- Eksisterar faste møtepunkt/samhandlingsarenaer?
- Viss ikkje, er det behov for det?
- Er barnevernet lett tilgjengeleg for kontakt frå dykk?
- Kor viktig er det med fysisk nærleik til barnevernstenesta?
- Er det behov for endringar/justeringar for å styrke det eksisterande samarbeid med barnevernet? Dersom ja, kan du nemne nødvendige endringar.

Ved utløpet av svarfristen 31.07.09 låg det føre uttale frå følgjande:

- Vestre Viken / Ringerike Sykehus ( psykiatri ) datert 22.6.09
- Hallingdal Krisesenter datert 8.7.2009
- Politiet ( Nedre Buskerud politidistrikt ) datert 21.7.2009
- Lensmannen i Hol datert 4.8.2009
- Lensmannen i Ål datert 28.07.2009
- PPT og OT i nedre Hallingdal datert 24.06.2009
- *Kirkens Familievernkontor Hallingdal, Ål datert 11.8.2009*

Pr. 9.august 2009 ligg det ikkje føre uttale frå:

- *Barnevernstenesta i Ål har i epost datert 1.7.2009 bede om utvida frist for uttale ettersom leiar ikkje er attende før 11.8.2009*
- BUP Ringerike, avdeling Ål
- PPT for Ål og Hol
- Bufetat Kongsberg

### **3.2.1. Merknader til uttaler**

#### **3.2.1.1. Vestre Viken / Ringerike Sykehus datert 22.6.09**

- Ingen formelle møtepunkt mellom psykiatrisk Hallingdal Sjukestugu og barnevernstenesta i Hallingdal, men eit ynskje om det
- RS har gode erfaringar med kontakt til barnevernet i Hallingdal, om periodisk noko ulikt frå kommune til kommune
- RS syner til Samhandlingsreformen der samanslåing og samlokalisering vil styrke fagmiljø og optimalisere sammensette tiltak for behandling

**3.2.1.2. Uttale frå politi / lensmann**

	<b>Gol / Hemsedal</b>	<b>Ål</b>	<b>Hol</b>
1. Faste møtepunkt / samhandling	Ja	Nei	Nei
2. Behov for felles møtepunkt ?	Ja	Nei	Ja
3. Er barnevernet lett tilgjengelig?	Ja	Ja	
4. Fysisk nærheit til barnevernet viktig?	Ja. Relasjonsbygging	Nei	Ja
5. Behov for styrking av samarbeid med barnevernet?	Ja, både ift fagmiljø og samarbeid/samhandling	Nei	Ja – påske, vinterferie og høgtider

**3.2.1.3. Uttale frå Hallingdal Krisesenter**

1. Faste møtepunkt / samhandling	Nei, men samarbeider
2. Behov for felles møtepunkt ?	Ja
3. Er barnevernet lett tilgjengelig?	Ja, i all hovudsak. Positiv utvikling
4. Fysisk nærheit til barnevernet viktig?	Ja. Relasjonsbygging
5. Behov for styrking av samarbeid med barnevernet?	Ja, både ift fagmiljø og samarbeid/samhandling Politi og barnevern
Merknad:	Statleg krav til krisesenter i kvar kommune frå 2010

**3.2.1.4. Uttale frå PPT og OT nedre Hallingdal**

1. Faste møtepunkt / samhandling	Nei, men konsultasjonsteam på den enkelte skule der og barnevernet deltek
2. Behov for felles møtepunkt ?	Ja. Tenesta opplever det vanskeleg å få kontakt med barnevernet.
3. Er barnevernet lett tilgjengelig?	Nei
4. Fysisk nærheit til barnevernet viktig?	Nei
5. Behov for styrking av samarbeid med barnevernet?	
Merknad:	PPT og OT understrekar at det er viktig med ein fagtilsett i kvar kommune, både med omsyn til oversikt over saker og som "kontaktperson"

**3.2.1.5. Uttale frå Kirkens Familievernkontor Hallingdal**

1. Faste møtepunkt / samhandling	Ønske om samlokalisering sett ut frå effektivitet. Modell utvikla i samarbeid med Hemsedal
2. Behov for felles møtepunkt ?	Ser gjerne utvikla klientsamarbeid med kommunar, ikkje berre barnevern. Kontoret sine ressursar set grenser
3. Er barnevernet lett tilgjengelig?	Ulik erfaring frå kommune til kommune.
4. Fysisk nærheit til barnevernet viktig?	Ser føremon med fysisk nærheit
5. Behov for styrking av samarbeid med barnevernet?	Ja
Merknad:	Ser føremon i eit nærare samarbeid mellom

### 3.3 Regionrådet – om lokalisering

I saksutgreiinga til Regionrådet heiter det mellom anna om lokalisering av felles barnevern:

*Skal prinsippet om eit differensiert lokaliseringsmønster ha nokon meining vil det vera naturleg at lokalisering av felles barnevern m.a. blir vurdert ut frå eit differensiert lokaliseringsmønster.*

*Ut frå dette bør følgjande hovudpunkt vera styrande for lokalisering av felles barnevern for Hallingdal:*

- Konkurransedyktige egna lokalitetar med fleksible utvidingsmogelegheiter
- Geografi i forhold til brukar
- Nærleik til samarbeidspartar
- Vurdering ut frå prinsippet om eit differensiert lokaliseringsmønster

## 4 Arealbehov og alternative lokaliseringar

### 4.1 Aktuelle samarbeidspartar i "felles" lokale

Med "samlokalisering" tenkjer ein på å ha lokale i same bygning, men ikkje full integrering. Kwart organ vil ha sine egne "kontor", men vil samarbeide om kantine, møterom, toalett, fellesareal m.m.

Følgjande organ synes å vere mest aktuelle å samlokalisere:

- Felles barnevern for Hallingdal
- BUF-etat

Utanom dei funksjonane som ligg i kvar kommune er det i Gol og Ål følgjande organ som vil kunne ha nytte av samarbeid og nærleik til eit regionalt barnevernkontor:

Gol

- Hallingdal Krisesenter
- PPT og OT for nedre Hallingdal

Ål

- BUP Ringerike, avdeling Ål
- PPT for Hol og Ål
- Hallingdal sjukestugu, Voksenpsykiatrisk avdeling og poliklinikk
- Kirkens Familievernkontor

## 4.2 Arealbehov

Det synes ennå å vere noko uklart kor mange arbeidsplassar barnevernet skal ha ved "hovudkontoret" i høve til plassar i den enkelte kommune. I denne utgreiinga er det lagt til grunn at alle tilsette skal kunne arbeide samtidig ved det sentrale kontoret.

Vurdering av behov for arbeidsplassar ved hovudkontoret:

Organ	Arbeidsplassar	Arealbehov (m2)
Hallingdal Barnevern	inntil 18 *	
Fellesareal (møterom, kantine, toalett mm)		
<b>Sum</b>		<b>Anslag: Netto 350-450 m2</b>
PPT (Gol eller Ål)	8	
Kirkens Familievernkontor	4	
BUF-etat	4	
Andre ( til dømes PPT – kontora i Ål og Gol har kvar om lag 8 årsverk )	???	
<b>Sum</b>	<b>34</b>	

\* Kvar enkelt tilsett i barnevernet skal ha tilgang til kontor i vertskommunen. I tillegg skal tenesta oppretthalde tilgjengelege kontor og ha tilgang til møterom lokalt i kvar kommune.

## 4.2 Tilbod om lokale

Både Gol og Ål kommunar har gjeve tilbod om lokale til felles barnevern m.m.

Hovudtrekk ved tilboda:

Tema	Gol	Ål
Plassering	Kommunehuset 3. etasje "legebygget"	Sundre Eiendom Ved Sundrehallplassen
Areal	450 m2	750 m2 *)
Leigepris	Kr 900 pr m2 **)	Kr 900 pr. m2 ***)
FDV-kostnader	Kr 450 pr m2	Kr 250 pr m2 ****)
Elektrisk straum	Inkludert	Etter forbruk
Ferdigstilling	01.01.10.	01.07.10 *****)

\*) Nybygg – arealet er fleksibelt, både ved etablering og seinare utviding.

\*\*\*) Det skal ikkje betalast for fellesareal

\*\*\*\*) Prisen gjeld kontorbygg heilt tilpassa og ferdig til bruk ut frå dei behov eit felles barnevern vil ha.

\*\*\*\*\*) Prisen inneheld reinhald, vaktmeistertjenester og vedlikehald. I tillegg kjem straum / oppvarming etter forbruk til den straumpris som gjeld i Ål kommune

\*\*\*\*\*) Ål kommune uttaler at det kan vera aktuelt med mellombels lokale dersom oppstart før denne tid.

Alle leigeprisar vert justert i høve konsumprisindeksen.

#### 4.2.1. Vurdering av ulike tilbud om lokale

Nedsett arbeidsgruppa og rådmannsutvalet har vurdert innkomne forslag til lokale.

- Tilboda om lokale slik dei er presentert både frå Gol kommune og Ål kommune tilfredsstillar dei krav tenesta har til lokale. Arbeidsgruppa vil understreke at det vert viktig at lokala si utforming skal prege både utføring av arbeidet, den enkelte sin arbeidsplass og at det vert mogleg å ta vare på sosiale og faglege behov.
  - Ope møteplassar der tilsette kan møtast meir uformelt, både sosialt fagleg og for kollegial støtte. Dette bør om mogleg plasserast sentralt i kontorlandskapet
  - Plass til "stille rom" for mental avkopling utanom spiserom og/eller vanleg møterom
  - Spiserom utanfor tenesta for at tilsette syter for at dei forlet eigne arbeidslokale i lovmessig tid avsett til pausar
- Rådmannsutvalet og arbeidsgruppa meiner det er uaktuelt å flytte dei tilsette frå noverande kontor til mellombels lokale dersom lokala ikkje er ferdigstilte i tråd med vedteken framdriftsplan. Flytting skal skje når kontora er ferdig, normalt 1.juli 2010.

### 5 Lokalisering

#### 5.1 Lokale

Begge kommunane kan tilby aktuelle og tilfredsstillande lokale.

I Gol er arealet på netto ca 450 m<sup>2</sup>. Lokala ligg i 3.etasje i Legebygget inntil Gol kommunehus. Første etasje inneheld legesenter, andre etasje inneheld helsestasjon. Lokala er ledige frå 01.01.10. Lokalet inneheld:

- Venterom utanfor kontorlokale
- Dør med einvegspeil
- Dataopplæringsrom (som kan deles i 8 cellekonto)
- Ope kontorlandskap med plass / fleksirom med plass til 6 arbeidsstasjonar, eventuelt delt til cellekontor, kjøkken, oppholdssone
- Møterom 27 m<sup>2</sup>
- Lager, garderobe, dusj 2 stk WC, venterom m/ WC
- Tilgang til andre møterom i kommunehuset ( 1. og 3.etasje )
- Kantine

I Ål vil det vere lokalisert i eit nytt bygg.

I Ål er arealet fleksibelt med omsyn til storleik, og høve til utviding i same bygget etter behov. Lokale må byggjast og er pårekna ferdigstilt 01.07.10.

#### 5.2 Fagmiljø - vurderingar

I alle utgreiingane i saka er det behovet for sterke fagmiljø og auka samhandling mellom dei som arbeider med dei same brukargruppene blir framheva. Geografisk plassering har ikkje fått noko framtrekande plass i dei uttaler som ligg føre. Det er faktisk lagt meir vekt på kor viktig det er at tenesta har ei god lokal forankring. Dette er forståeleg så lenge viktigaste samarbeidspartnarar for barnevernet framleis vil vere dei lokale skuler, barnehagar, samt lokal teneste innan helse og psykiatri.

Kirkens Familievernkontor ligg i dag i Ål, og dei ønskjer eit nærare samarbeid med eit felles barnevern. Tilsvarande ynskje om auka samhandling er gjeve frå Hallingdal Krisesenter på Gol. Både Gol og Ål har PP- teneste, Gol har i tillegg OT tenesta og PP tenesta for vidaregåande skule.

BUP Ringerike, avdeling Ål, og Hallingdal sjukestugu, Voksenpsykiatrisk avdeling og poliklinikk, ligg i dag ved Hallingdal Sjukestugu i Ål.

Det er ikkje gitt noko uttale frå barnevernet si side om behov for samlokalisering ut over det som munnleg er sagt om forholdet til Bufetat. Barnevernsleiarane ga i oktober 2008 gitt ei felles uttale til Regionrådet om behov for ei felles barnevernsteneste.

Det er ikkje motteke uttale frå Bufetat innan svarfristen 31.juli 2009. Ut frå munnlege uttaler frå Bufetat er det truleg likeverdig om lokaliseringa blir anten Gol eller Ål.

Ut frå rådmannsutvalet si vurdering og etter å ha omsyn til dei uttaler som ligg føre frå eksterne etatar, vil rådmannsutvalet meine at dei to lokaliseringane og fagleg sett må vurderast som likeverdige.

### **5.3 Tilråding**

Rådmannsutvalet har i møte 11.08 2009 drøfta dei to alternativa til lokalisering som ligg føre i tilrådinga frå Regionrådet datert 27.02.2009, og i tråd med tilsvarande og likelydande vedtak gjort i kommunestyra i alle Hallingdalskommunane.

Rådmannsutvalet meiner at:

- Det kan ut frå dei faglege uttaler som ligg føre ikkje seiast at ein av kommunane kan prefererast særskilt
- Dei lokala dei to kommunane har gjeve tilbod om begge tilfredsstillar føremålet. Dette skal ikkje leggjast vekt på ved avgjerd av lokalisering.
- Tilbodet om pris og vilkår for lokala er tilnærma like, og kan ikkje tilleggjast vekt.
- Det framleis er nok usemje og uklar praksis i regionen om kva ansvar vertskommunen har i høve dekning av husleigeutgifter. Husleigeutgifter ved etablering av felles barnevern vil utgjera årleg om lag kr 600 000 ved leige av 400 m<sup>2</sup>.
- Reisekostnadane for personalet på oppdrag vil truleg bli omtrent like ved dei to alternativa, og skal ikkje tilleggjast vekt.
- "Demografisk sentrum" i Hallingdal ligg noko nær grensa mellom Gol og Ål kommune. Demografiske forhold kan difor ikkje tilleggjast særskild vekt.

**Rådmannsutvalet si felles oppfatning er difor at valet om lokalisering må oppfattast å vera av politisk karakter.**

Rådmannsutvalet har difor bede dei to kommunane om kort å gjere greie for sine argument for lokalisering.

**Ål kommune har anført slike argument for lokalisering i Ål:**

- *Det er etablert eit sterkt fagmiljø i Ål Helsetun, med BUP og Psykiatrisk klinikk som sentrale element i høve til barnevernet, i tillegg til dei andre statlege og kommunale*



tenestene som ligg der. Ringerike sjukehus ser positivt på samordning av barnevernet og ønskjer å etablere felles møtepunkt.

- PPT for Ål og Hol er lokalisert til Ål. Det er svært aktuelt å sjå dette i samanheng med og samlokalisert med barnevernet.
- Kirkens Familievernkontor Hallingdal er i dag lokalisert i Ål, har regelmessig samarbeid med barnevernet, og har i brev av 11.08.09. gjeve uttrykk for ønskje om samlokalisering og nærare samarbeid med eit felles barnevern, BUF-etat og PPT. Det vil vera god plass for å få dette til i den planlagde bygningsmassen i Ål.
- Hallingforsk (HF) (og Undervisningssjukeheim for Buskerud) er lokalisert i Ål, og nærleik mellom barnevern m.m. og HF vil kunne ha (store) positive verknader for eit sterkt utviklingsmiljø.
- Fellesfunksjonar for Hallingdal i samsvar med Samhandlingsreforma er planlagt knyta til Hallingdal sjukestugu, jamfør fellesuttale frå regionrådet og Ringerike sjukehus av 6.mars 2009.
- I St.meld. nr. 47 om Samhandlingsreformen understrekar ein behovet for å legge til rette for samhandling mellom helse- og omsorgstenestene og barnevernet, f.eks:
  - Kap. 3.2.1: "Det er også viktig å legge til rette for god samhandling mellom helse- og omsorgstjenesten og andre sektorer som for eksempel NAV, barnevern og PPT (Pedagogisk-psykologisk tjeneste)."
  - **Kap.6.7.1** om klientane til BUP: "Disse barna har ofte behov for hjelp både fra barnevern, PPT og psykisk helsevern, og et godt samarbeid mellom tjenestene er nødvendig."
- Både Hallingforsk, Undervisningssjukeheimen, Hallingdal sjukestugu og framtidig utbygging av interkommunale tenester knytt til sjukestugu, vil plassere det framtidige tyngdepunktet for det helse- og sosialfaglege miljøet i dalen i Ål.
- Det er viktig for utviklinga innan barnevernet at dette vert innlemma som ein integrert del av helse- og sosialtenestene for Hallingdal og ikkje vert organisert geografisk og administrativt skilt frå resten.
- Hallingdal nattlegevakt er lokalisert til Hallingdal sjukestugu. Det kan vere behov for samarbeid og samordning mellom barnevernsvakta i Hallingdal og nattlegevakta, noko som og kan gje grunnlag for å rimelegare vaktordningar samla.
- Ved å samlokalisere fleire av dei tenestene som er nemnde ovanfor vil ein truleg kunne ha felles resepsjon/servicetorg, arkiv og merkantilt personale, og gjennom det redusere kostnader og auke servicegraden.
- Eit sterkt fagmiljø betyr betre rekruttering. Å knytte barnevernet opp til det sterkaste fagmiljøet i dalen vil vere med å sikre rekrutteringa.
- I det eine av dei to alternativa for lokalisering i Ål er det planlagt bueiningar i etasjen over kontorlokala, noko som vil kunne vere aktuelt i høve til dei behov familievernkontoret skisserar i brevet sitt.

#### **Gol kommune har anført slike argument for lokalisering i Gol:**

- Egnede lokaler tilpasset barnevernet står klare til bruk
- Helsestasjon og legesenter i samme bygg, NAV og lensmann i umiddelbar nærhet
- Gunstig leieavtale med kommunen som utleier
- Tilgang på kommunehusets fasiliteter og miljø
- Samarbeid med andre fagetater tilsier lokalisering til Gol. Krisesenteret på Gol har i dag et aktivt samarbeid med barnevernet i konkrete saker. I tillegg bistår de barnevernvakten ved akutsaker. Barnevernet bruker da krisesenteret. Personalet ved krisesenteret har da blant annet ivarettat barna mens barnevernet har ordnet de formelle forhold. Ved evalueringen av barnevernvakten var det enighet om å videreutvikle samarbeidet. For å få til dette er det avgjørende med nærhet. Krisesenteret må ligge på Gol for at de skal kunne opprettholde barns nettverk som

barnehage og skole. Krisesenteret er også i dialog med BUF-etat om akutt plasseringer.

- BUF-etat ønsker å etablere seg i Hallingdal. Etter vedtak i Hallingtinget skal alle statlige etater som ønsker å etablere kontor ett sted i Hallingdal lokaliseres til Gol
  - Både det geografiske og demografiske midtpunkt / tyngepunkt ligger i Gol kommune
- 

## 6 Vidare arbeid

Rådmannsutvalet og arbeidsgruppa vil halde fram sitt arbeid med innføring av felles barnevern så snart Regionrådet har fatta sitt vedtak om lokalisering.

Første oppgåve i denne samanheng vil vera å gje dei tilsette grundig og eintydig informasjon om vedtaket og konsekvensane av vedtaket. Dei tilsette og deira organisasjonar tar del i denne prosessen